

OPPSUMMERING MERKNADAR, pr. 11.09.2017

Offentlege instansar

	Uttale	Forslag til endring frå tiltakshavar/plankonsulent
1	Bergen og omland havnevesen, 05.07.2017 Ikkje i konflikt med dei interessene dei skal ivareta	Ingen endring
2	NVE, 05.07.2017 Ingen merknad	Ingen endring
3	Kystverket, 17.08.2017 Ikkje i konflikt med dei interessene dei skal ivareta	Ingen endring
4	Fiskeridirektoratet, 20.08.2017 <ul style="list-style-type: none"> • Innspela frå oppstart er teke i vare • Ikkje i konflikt med bruk av område til utøving av fiske • Understrek at det ikkje vil medføre noko særskilt større rømmingsfare om anlegga vert større. Anlegga er meir robuste • Tilrår at det vert skilt klart mellom drift og plan • FD er generelt imot privat regulering i sjø for akvakultur 	Ingen endring Merknaden er teke til orientering.
5	Hordaland fylkeskommune, 21.08.2017 <ul style="list-style-type: none"> • Lite hensiktsmessig med fast praksis om reguleringsplan i sjø for akvakultur. Kommuneplan er tilstrekkeleg nivå. • Reguleringsplanen bør ha planperiode for fleire år framover. Einbruk ak-område vert fullt utnytta dersom ein søker om 6 eller 10 ringar. • HFK viser til sin uttale til oppstart der dei påpeika at ein ikkje kan gjennom arealplanar fastsette føresegner som gjeld typiske drifts- eller næringsrelaterte forhold som eks. produksjonskapasitet, fiskevelferd, rømming og krav som gjeld lakselus eller andre biologiske faktorar. Dette er tilhøve som er regulert gjennom anna regelverk og kor ulike sektormynde har tilsynsansvar. • HFK er einig i måten ein har vist AK-områda i plankartet med både einbruk og fleirbruk. • §4.5 bør tydeleggjere kva som kan søkast om innanfor det 	Det er ei medviten haldning frå Eide Fjordbruk å regulere areal til einbruk akvakultur som omfattar areal til 6 og 10 ringar, samt at fleirbruksområdet er planlagt som ein buffer for framtidige endringar/justeringer. Dette gjer at planframleggget er tydeleg i høve til kva areal som gir eksklusiv bruk for næringa, og i kva retning ein søker å utvide anlegga. Når eit akvakulturanlegg søker om endringar vil Hordaland fylkeskommune, i si samordningsrolle, sende søknaden til Lindås kommune for uttale. Lindås kommune vil såleis vera høyringspart ved søknadar om konfigurasjonsendring eller konsesjonsendring (klarering av anleggspllassering), og gi uttalar til desse søknadane. For å avgrense type tiltak innanfor det kombinerte føremålet har ein i føresegen § 4.5 presisert kva som er tillate med ei differensiering på kva kan byttast, flyttast eller nye tiltak. Setning om kommunen si godkjenning er teke ut. Forslag til endring §4.5: § 4.5 KOMBINERT FØREMÅL I SJØ OG VASSDRAG: FERDSLE OG AKVAKULTUR

	<p>kombinerte føremålet slik at det ikkje vert eit tolkingsspørsmål. Bør nytte noko av formuleringane i §4.2 og supplere med <i>tiltak eller inngrep som er i konflikt med ferdsle eller akvakultur er ikkje tillate. Dette er likevel ikkje til hinder for nødvendig fortøying av anlegg eller akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avløp, varmepumper, straum- og telenett.</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • HFK tilrår at krav om godkjenning av kommunen ved justering av plassering og mindre endringar av anlegget, vere teke ut av §4.5. Ref. punkt ovanfor. • Viser til byggesaksforskrifta § 4-3 pkt. f. som gir unntak frå byggesakshandsaming. • HFK viser til krav om marinarkeologiske registreringar av området når planen vert sendt til offentleg ettersyn. Ber tiltakshavar ta direkte kontakt med Bergen sjøfartsmuseum for bestilling. 	<p>Føremålet er fleirbruksområde for ferdsle og akvakultur. I området er det tillate med justering av plassering og mindre endring av akvakulturanlegg. Dette omfattar flytting og skifte av fôrflåte, flytting, skifte og tilpassing av fortøyingsrammar med merdar, samt flytting, skifte og nye fôrslangar, straumnett, fortøyningar og andre liknande tiltak.</p> <p>I området er det høve til å føre fram kablar for tilføring av elektrisitet.</p> <p>Det er tillate å erstatte eksisterande anleggskonfigurasjon med ny teknologi og driftsmåtar.</p> <p>Kommunen skal godkjenne justering av plassering og mindre endringar av anlegg som kjem inn i området.</p> <p>Tiltak som kan hindre eller forstyrre akvakulturverksemd, skal ikkje tillatast i nærliken av områda avsett til akvakulturfomål. Tiltak eller inngrep som er i konflikt med ferdsel eller akvakultur er ikkje tillate. Dette er likevel ikkje til hinder for nødvendig fortøying av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avløp, varmepumper, straum- og telenett.</p> <p>Tiltak i området skal spesielt avklarast med omsyn til bileia Masfjorden, og navigasjonsinnretningar.</p> <p>Sjøfartsmuseet sitt krav om feltundersøking har tidlegare ikkje vore varsle, men er no sett i bestilling.</p>
6	<p>Masfjorden kommune, 29.08.2017</p> <p>Det er viktig for Masfjorden kommune å sikre ei langsiktig og berekraftig bruk /forvaltning av Fensfjorden, og kommunen har difor starta opp arbeid med kommuneplanen sin arealdel (kommunedelplan Fensfjorden/Austfjorden).</p> <p>Masfjorden kommune ønskjer ikkje å auke produksjonen i Fensfjorden, før det ligg føre eigen kommunedelplan for Fensfjorden/Austfjorden for sjøareal som ligg i Lindås kommune og Masfjorden kommune.</p>	<p>Kommunedelplan for Fensfjorden/Austfjorden er skildra i planomtalen. Varsling av oppstart av planen er ikkje kunngjort. På grunn av at planframleggget ikkje er i samsvar med overordna plan har ein valt å utarbeide fagrappport om biologisk mangfald som ser på planframleggget i ein større samanheng (fjordsystem, lakselus, sjukdom mm.). Detaljreguleringa sin innhenting av kunnskap om fjordbassenget vil kunne nyttast som grunnlag i planarbeidet for Fensfjorden/Austfjorden.</p> <p>Planframleggget regulerer arealsituasjonen til eksisterande akvakulturlokalitetar med tilhøyrande løyver. Reguleringsplanen endrar ikkje biomasse som er gitt i konsesjon.</p>
7	<p>Mattilsynet, 04.09.2017</p> <ul style="list-style-type: none"> • Mattilsynet stiller seg positiv til fleire merdar og større arealbruk, då same talet fisk er gunstig med tanke på fiskehelse. • Mattilsynet viser til at planen ikkje vert laga for å auke 	<p>Ingen endring.</p> <p>Merknaden er teke til orientering.</p>


	<p>biomasse, og ser difor ikkje at ei slik arealutviding i seg sjølv vil medføre auka smitterisiko for anna akvakulturverksemd og villfisk i området, då talet på fisk vil ut frå det som framkjem i planen vera det same som dagens nivå. Nivået av lakselus vil dermed ikkje verta endra som følgje av ei utviding av areal til bruk til akvakulturverksemd, ei heller sjukdomssituasjonen.</p> <p>Rømming vil kunne utgjere ei noko større risiko pga. det planlagde talet på merdar på dei to anlegga, men dei konsekvensane dette kan få for villfiskstammer.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Mattilsynet viser til smittehygieniske fellesområde (SFO) for akvakultur i Nordhordland. Mattilsynet ønskjer ikkje etablering av akvakulturanlegg mellom slike område, og er positiv til at AK-område ved Ådnøy vert fjerna. • Totalt sett er Mattilsynet positiv til planframlegget. 	
8	<p>Fiskarlaget Vest, 05.09.2017</p> <ul style="list-style-type: none"> • Generelt vil Fiskarlaget Vest bemerke at område som vert nytta til fiskeri vert pressa frå fleire ulike hald, der oppdrett er ein av fleire aktivitetar. Mange meiner at eitt like prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slik så tar ein bit for bit frå fiskeriinteressene. Det er viktig at fiskeri-/gyteområda og liknande vert teke i vare. • Fiskarlaget Vest vil ser til kart frå Fiskeridirektoratet si nettside som viser at det er registrert gytefelt og fiskeområde i fjordsystemet. Det vert også drive fiske i område som ikkje er registrert på nettsida. • Fiskarlaget er einig med Fiskeridir. I at ein ikkje bør lage private reguléringsplanar i sjøområda som er ein allmenning, og at det gir større «eigarskap» til lokaliteten og reguléringsområdet. • Fiskarlaget viser til at «sjøvern» er like viktig for fiskerinæringa, som jordvern for jordbruket. • Konkret til reguléringsplanen viser Fiskarlaget til at dei planlagde fortøyningane ikkje beslaglegg noko særstørre område enn i dag, og på bakgrunn av det går ein ikkje i mot 	<p>Ingen endring. Merknaden er teke til orientering.</p>

	utviding av akvakulturområda.	
9	<p>Fylkesmannen i Hordaland, 06.09.2017</p> <ul style="list-style-type: none"> FMHO er positiv til at det er laga reguleringsplan der ein skildrar dagens tilstand i området og verknaden av planen. Planskildringa og konsekvensutgreiinga er i hovudsak fyldig og god. Planområdet: FMHO ønskjer i utgangspunktet at planområdet skal inkludere område med fortøyningane, men finn likevel i dette konkrete tilhøvet å kunne godta at dei ikkje er innanfor planområdet. Naturmangfald: FMHo meiner at tema naturmangfald manglar noko, spesielt når det gjeld kunnskapsgrunnlaget om tilstanden for anadrom laksefisk. Saknar utfyllande vurdering av verdien og potensialet dei ulike vassdraga/stammene har, som ein del av naturmangfaldet og som kjelde til m.a. fritidsfiske og rekreasjon. Naturmangfald: FMHO peiker på at det ikkje er nyttå siste oppdatert kunnskapsgrunnlag om lakselus situasjonen. FMHo viser til overvakingsdata som viser at stammene er svært negativt påverka, og meiner at utgreiinga er uklar på kor alvorleg lusesituasjonen er i området, ut frå eit villfiskperspektiv. Biomasse/planavklaring: FMHo viser til erfaringar med at ei anleggsutviding på ein lokalitet ikkje sjeldan vert følgjt av eit ønskjer om MTB utviding i etterkant, dersom området er stort nok for det. Det vil i så fall kunne føre til ei ytterlegare forverring av lusesituasjonen og auka press på naturmangfaldet i området. FMHO er difor einig med, og legg til grunn intensjonen i denne planen, om at det ikkje vert lagt opp til auke i biomasse som følgje av arealendringane som no vert gjort i planen. Vidare legg FMHO til grunn at dette planarbeidet ikkje kan nyttast som tilstrekkeleg planavklaring når det gjeld ein høgare biomasse enn det som er gitt løyve til i dag. 	<p>Punkta knytt til naturmangfald er skildra i eige notat utarbeidd av Rådgivende Biologer, vedlegg til planen. Det er dokumentert at genetisk innblanding av rømt oppdrettslaks er påvist i mange laksebestandar og er saman med lakselus den største miljø-utfordringa for vill laksefisk knytt til oppdrettsnæringa. Bakgrunn for vurderingane om lusepress som følgje av reguleringsplanen er basert på dagens gitte løyve, der m.a. Mattilsynet vurderer tilhøve knytt til lusepress og berelevna i fjordsystemet.</p> <p>Rapporten frå Rådgivende Biologer gir ein oversikt over kunnskap ein i dag har på genetisk innblanding/rømming og lusepresset i fjordbassenget for villfisk, og ei vurdering av planen sin verknad. Notatet supplerer desse forholda.</p> <p>Utdrag frå RB sin rapport side 47:</p> <p>Det er viktig å presisere at data frå overvaking av luseskadd sjøaure i elvar og HI sine registreringar av lakselus i Fensfjorden/Austfjorden gjev eit situasjonsbilete ut frå dagens oppdrettsverksamhet i fjordbassenget, og kan ikkje utan vidare nyttast til å seie noko konkret om mengda lakselus i fjordbassenget vil auke etter ei utviding av tal merder på lokalitetane Langoy og Ospeneset. Dette er naturleg nok til ein kvar tid og ein funksjon av kor stor grad det enkelte anlegget i Austfjorden og Fensfjorden har kontroll på lusa i anlegga sine.</p> <p>Ei dobling av tal merder på lokalitetane Langoy og Ospeneset vil truleg ikkje gje noko auke i mengda lakselus i anlegga sidan lokalitetane sin MTB ikkje skal aukast ut over det som lokalitetane i dag er godkjente for. Samtidig vil same MTB fordelt på fleire ringar over eit større areal gi auka risiko for påslag av lus på fisk i anlegget, som deretter sannsynlegvis vil ha høg grad av intern-smitte. Dermed vil dette potensielt kunne gi fleire tilfelle av «duseoppblomstring» i anlegget, og dermed ein liten auke i produksjon av og sprenging av luselarvar til omgivnadene.</p> <p>Det kan og nemnast at begge lokalitetane ingår i felles plan for tiltak mot lakselus utarbeidd i 2016/2017 av Nordhordland Fiskehelsenettverk, der formålet med planen er å imøtekome krav i regelverket som omhandlar lus, samt tilfredsstille næringa og ville laksebestandar sine behov for optimal effekt av iverksette tiltak mot lakselus i planen sitt geografiske verkeområde. Dei viktigaste målsettingane ein onkjer å oppnå er å halde tal medikamentelle behandlingar på lågast mogeleg nivå, utstrek bruk av reinsefisk første året i sjø og om mogeleg lengre, og at det i tillegg til bruk av reinsefisk skal nyttast minst ein ikkje medikamentell metode per selskap. Forebyggjande tiltak skal nyttast i stort mogeleg grad.</p> <p>Rapportane FMHo viser til i sin uttale er publisert like før innlevering av rapporten/planen; <i>Vurdering av lakselusindusert villfiskdødlighet per produksjonsområde 28.05.2017, og Risikorapport norsk fiskeoppdrett 2017, 02.05.2017</i>. Desse rapportane omfattar heile Noreg, og Rådgivende Biologer har valt å fokusere og hente inn kunnskap knytt til fjordbassenget ved planområdet.</p>

<ul style="list-style-type: none"> Fiskesjukdom: FMHo kan ikkje sjå at fiskesjukdommar er omtala i planen, verken tilstand i oppdrettsanlegga eller evt. verknad på villfisk er drøfta. Viser til den statlege risikovurderinga for norsk fiskeoppdrett. FMHo meiner dette bør vera omtala, enten som del av kap. naturmangfald eller som ein del av ROS-analysen. Friluftsliv: Fleire av merknadane til oppstart viser eit engasjement rundt korleis utviding av anlegga vil påverka friluftslivet. FMHO meiner det kan stillast spørsmål ved om verknad for friluftsliv er undervurdert i utgreiinga, og rår til at Lindås kommune føl det opp i det vidare planarbeidet. FMHo meiner at planen i hovudsak er framstilt på ein god måte, og vil ikkje motsette seg at planen vert vedteke som grunnlag for ei effektiv og hensiktsmessig drift av gitte akvakuturløyve. FMHo tilrår sterkt likevel at planskildringa vert utfyldt noko på dei momenta FMHo har peika på før kommunen tek endeleg stilling til om planen bør vedtakast. FMHo er positiv til dialogmøte dersom kommunen ber om det. 	<p>Notatet er supplert med relevant informasjon frå desse to rapportane.</p> <p>FMHo si tolking av intensjonen med planarbeidet er riktig, og reguleringssplanen tek utgangspunkt i det talet ringar og dermed areal Eide Fjordbruk har behov for med den drifta dei har i dag og godkjente løyve (MTB). Etter dagens regelverk kan det ikkje vera meir enn 200.000 fisk per merd, og fleire merdar på lokalitetane gjev høve til ein lågare fisketettleik og betre fordeling av fisken i anlegga. Eide Fjordbruk ønskjer pga. betre fiskevelferd og -kvalitet, primært ca. 500 tonn fisk i kvar merd, nok som gir lågare fisketettleik enn 200.000 fisk per merd som gir ca. 1000 tonn fisk. I tillegg gjer driftsrelaterte tilhøve på anlegga at det er behov for ei ledig merd i tillegg til dei merdane det er fisk i for nødvendige behandlingar av t.d. lus, utslakting med meir. Teoretisk er det mogleg å auke MTB innanfor det regulerte arealet ved å auke fisketettleiken. Eide Fjordbruk har per i dag ingen planar om å endre sin strategi om låg tettleik av fisk og dermed auke MTB på lokalitetane. Kva som kan vera aktuelt lengre fram i tid er usikkert og ein har difor skildra i planomtalen, side 16 og 19, at:</p> <ul style="list-style-type: none"> <i>S. 16, Ospeneset: Med utgangspunkt i dagens krav og retningsline i regelverka, plassering av eksisterande lokalitetar i nærområdet, og seinare tids søknadar i fjordområdet, er det grunn til å tru at det er avgrensa moglegheit for større auke i biomasse (MTB) utover dagens løyver på Ospenes lokalitet. Eide Fjordbruk har per i dag ingen planar om å auke MTB på lokalitetten, men 6 ringar er mindre enn ein ideelt skulle hatt for dagens godkjente biomassetal (MTB) og tettleiken av fisk i merdane som Eide Fjordbruk ønskjer seg.</i> <i>S.19, Langøy: Med utgangspunkt i dagens krav og retningsline i regelverka, og plassering av eksisterande lokalitetar i nærområdet, er det grunn til å tru at det er moglegheit for auke i biomasse (MTB) utover dagens løyver på Langøy lokalitetten. Eide Fjordbruk har per i dag ingen planar om å auke MTB på lokalitetten. Skulle det på sikt syna seg aktuelt å søkja om auka MTB, vil det skje gjennom ei grundig konsesjonshandsaming etter akvakulturlova og evt. gjennom ein kommuneplanprosess eller endring av reguleringssplanen.</i> <p>Fiskesjukdom er teke opp i ROS-analysen, både smittepress frå produksjon og til produksjonen. I analysen viser ein til at det er potensiale for sjukdomssmitte frå produksjonen til både villfisk og andre matfiskanlegg i sjø. I konsesjonssøknad om produksjon på området vil desse forholda verta vurdert av fagmynde. Brønnbåtane er risikopunkt for smitteoverføring. Sannsyn og konsekvens for smitte er vurdert til</p>
--	--

	<p>å vera middels med bakgrunn i gjeldande lovverk. Punkta knytt til fiskesjukdom er supplert i eige notat utarbeidd av Rådgivende Biologer, vedlegg til planen.</p> <p>Kapitelet med friluftsliv er bygd opp på same måte som dei andre kapitla i planomtalen; ei vurdering av eksisterande situasjon, påverknad av planframlegget, og konsekvens. Vurderingane er basert på 0-alternativet som er dagens situasjon, arealbruk og konsesjonar. Endringa av planen er avgrensa til dobling av tal merdar, dvs. større arealbeslag på sjøflata, samt noko fleire fortøyingsliner. Konsekvensutgreiinga viser til negative forhold for lokal friluftsbruk, samstundes som utvidinga av anlegga er i retning frå dei viktige friluftsområda som er peika på frå naboar/privatpersonar ved varsel om oppstart. Unntaket er Søndre Lotrebogane der fortøyingsramme og førflåta kjem nærmare friluftsområdet, men der terreng og vegetasjon vil gjera at store deler av anlegget vil vera skjult frå friluftsområdet. Etter ein gjennomgang av merknadane frå varsel om oppstart, samt at alle fagtema/kapitel skal ha <i>lik</i> metodikk og samanliknbar vekting, ser ein ikkje nye forhold som gjer at ein vil endre konklusjonen for tema friluftsliv.</p>
--	--

Private/ interesse organisasjoner

	Uttale	Forslag til endring frå tiltakshavar/plankonsulent
10	<p>Sameiget Frøyset grunneigarlag, 15.08.2017</p> <p>Sterkt imot planen. Vil berøre innløpet til Frøysetvassdraget. Einaste føresetnad er tett anlegg utan slamfelling til botn og understraumar då desse straumane vil føre slammet til Masfjorden og Austfjorden. Masfjorden er eit sårbart fjordstykke, og også pga. nærleik til innløpet av Frøysetvassdraget (trua fiskeartar og sårbar for lakselus).</p>	<p>Planframlegget regulerer arealsituasjonen til eksisterande akvakulturlokalitetar med tilhøyrande løyper. Reguleringsplanen endrar ikkje biomasse eller utsleppsmengde som er gitt i konsesjon. I planarbeidet legg ein til grunn at regelverk og kontrollmekanismane sikrar at drifta på lokalitetane er akseptable og innanfor løyva. Ein har likevel valt å belyse forhold til biomasse, utslepp, og lakselus i planomtalen.</p> <p>Rådgivende Biologer har utarbeidd vedlegg til planen om biologisk mangfald som samlar kjent kunnskap om m.a. villfisk og vassdraga. Samla vurdering av planframlegget er gitt konsekvens liten til ingen. Etter høyringa har Rådgivende Biologer utarbeidd eit notat som supplerer rapporten.</p> <p>Teknologien og drift med lukka anlegg er framleis under utprøving, og er pt. ikkje eit fullverdig alternativ til opne merdar. Det er ikkje gjennomført undersøkingar på om AK-områda på Ospeneset og Langøy vil vera aktuelle for denne typen drift (naturkreftar). Det vil difor vera utfordrande å legge slike føringar på lokalitetane innanfor planområdet.</p>
11	<p>Per Kristian Teige, på vegne av aksjonsgruppe på Hodneland. 16.08.2017</p> <ul style="list-style-type: none"> Anbefaler flytting av forflåte til nordsida av anlegget. Gir ei forbetring av situasjonen for Hodnelands bygda. Viser til folkemøtet og motforestilling mot flyttinga pga. flåten kjem nærmare friluftsområdet Søndre Lotrebogane. Teige meiner at ein må legge vekt på påverknaden og effekten flyttinga har for Hodneland med fastbuande ifht. mindre negativ effekt på friluftsområdet som har begrensa bruk i løpet av året. 	<p>Planframlegget viser positive og negative verknadar av å utvide anlegget og flytting av forflåten på Ospeneset, der av positivt for bygda Hodneland og negativt for friluftsområdet ved Lotrebogane. Utviding av anlegget og flytting av forflåten kjem nærmare friluftsområdet, men terregn og vegetasjon i området vil gjera at store deler av anlegget vil vera skjult frå friluftsområdet. Vektning av positive og negative tilhøve, samt at dette også er positivt for anlegget på Ospeneset gjer at Eide Fjordbruk ønskjer å oppretthalde rekkefølgjekravet om flytting av forflåten.</p> 
12	<p>Einar Øvretveit, 17.08.2017</p> <ul style="list-style-type: none"> Bør ikkje få auka biomasse, pga. problematikk med lakselus. Oppvekstområde ved Storelva som ligg tett ved. 	<p>Planframlegget regulerer arealsituasjonen til eksisterande akvakulturlokalitetar med tilhøyrande løyper. Reguleringsplanen endrar ikkje biomasse eller utsleppsmengde som er gitt i konsesjon. I planarbeidet legg ein til grunn at regelverk og kontroll-</p>

<ul style="list-style-type: none"> Kommunen bør vera pådrivar for å få skifta ut eksisterande opne anlegg med lukka anlegg. Med dette unngå forureining og forspill som er i ferd med å øydelegge villfiskbestanden. 	<p>mekanismane sikrar at drifta på lokalitetane er akseptable og innanfor løyva. Ein har likevel valt å belyse forhold til biomasse, utslepp, og lakselus i planomtalens. Rådgivende Biologer har utarbeidd vedlegg til planen om biologisk mangfald som samlar kjent kunnskap om m.a. villfisk og vassdraga. Samla vurdering av planframlegget er gitt konsekvens liten til ingen. Etter høyringa har Rådgivende Biologer utarbeidd eit notat som supplerer rapporten.</p> <p>Det er dokumentert at genetisk innblanding av rømt oppdrettslaks er påvist i mange laksebestandar og er saman med lakselus den største miljø-utfordringa for vill laksefisk knytt til oppdrettsnæringa. Rapporten frå Rådgivende Biologer gir ein oversikt over kunnskap ein i dag har på genetisk innblanding/rømming og lusepresset i fjordbassenget for villfisk, og ei vurdering av planen sin verknad. Vurdering av verknaden er med utgangspunkt i at anlegga har godkjent MTB på lokalitetane. Nytt notat utarbeidd av Rådgivende Biologer supplerer desse forholda.</p> <p>Utdrag frå RB sin rapport side 47:</p> <p>Det er viktig å presisere at data frå overvaking av luseskadd sjøaure i elvar og HI sine registreringar av lakselus i Fensfjorden/Austfjorden gjev eit situasjonsbilete ut frå dagens oppdrettsverksem i fjordbassenget, og kan ikkje utan vidare nyttast til å seie noko konkret om mengda lakselus i fjordbassenget vil auke etter ei utviding av tal merder på lokalitetane Langøy og Ospeneset. Dette er naturleg nok til ein kvar tid og ein funksjon av kor stor grad det enkelte anlegget i Austfjorden og Fensfjorden har kontroll på lusa i anlegga sine.</p> <p>Ei dobling av tal merder på lokalitetane Langøy og Ospeneset vil truleg ikkje gje noko auke i mengda lakselus i anlegga sidan lokalitetane sin MTB ikkje skal aukast ut over det som lokalitetane i dag er godkjente for. Samtidig vil same MTB fordelt på fleire ringar over eit større areal gi auka risiko for påslag av lus på fisk i anlegget, som deretter sannsynlegvis vil ha hog grad av intern-smitte. Derved vil dette potensielt kunne gi fleire tilfelle av «duseoppblomstring» i anlegget, og dermed ein liten auke i produksjon av og spreieing av luselarvar til omgivnadene.</p> <p>Det kan og nemnast at begge lokalitetane inngår i felles plan for tiltak mot lakselus utarbeidd i 2016/2017 av Nordhordland Fiskehelsenettverk, der formålet med planen er å imotekomme krav i regelverket som omhandlar lus, samt tilfredsstille næringa og ville laksebestandar sine behov for optimal effekt av iverksette tiltak mot lakselus i planen sitt geografiske verkeområde. Dei viktigaste målsettingane ein ønsker å oppnå er å halde tal medikamentelle behandlingar på lågast mogeleg nivå, utstrekni bruk av reinsefisk først i sjo og om mogeleg lengre, og at det i tillegg til bruk av reinsefisk skal nyttast minst ein ikkje medikamentell metode per selskap. Forebyggjande tiltak skal nyttast i storst mogeleg grad.</p> <p>Teknologien og drift med lukka anlegg er framleis under utprøving, og er pt. ikkje eit fullverdig alternativ til opne merdar. Det er ikkje gjennomført undersøkingar på om AK-områda på Ospeneset og Langøy vil vera aktuelle for denne typen drift (naturkreftar). Det vil difor vera utfordrande å legge slike føringar på lokalitetane innanfor planområdet.</p>
---	--


13	<p>Steinar Danielsen, 22.08.2017</p> <ul style="list-style-type: none"> Danielsen meiner planen vil føre til ytterlegare forringing av dei kvalitetane dette området har for innbyggjarane i området. Danielsen foreslår at i staden for sirkelforma merdar bør nytte kvadratiske. Dette tek mindre plass, og vil auka volumet monaleg slik at selskapet kan produsere opp mot konsesjonsgrensa. Danielsen peiker elles på verdiane knytt til sjøauren i Storelva og at lakselus er i ferd med å ta knekken på denne fisken. 	<p>Før stormen Nina hadde begge lokalitetane kvadratiske stålbur innanfor avsett areal til akvakultur i kommuneplanen og produserte opp til den godkjente biomassen anlegga hadde då. Stålbur er meir arealeffektive og gir høgare biomasse per merd, men vert i dag rekna som å vera <i>utdatert teknologi</i>. Anlegg med plastringar er sertifisert for grovare sjø og toler vesentleg større belastningar enn stålbur. Risiko for havari og rømming er lågare ved bruk av plastringar. Overgangen til plastringar gir større avstand mellom merdane og god gjennomstrøyming av vatn, samt lågare tettleik av fisk. Erfaringar tilseier at låg tettleik av fisk gir betre fiskevelferd og kvalitet. Plastringar har fleire større fordelar knytt til drift, fiskevelferd og –kvalitet, samt lågare risiko for havari. Eide Fjordbruk ønskjer ikkje å møte framtida med å gå tilbake i teknologi og driftsmåtar.</p> <p>Det er dokumentert at genetisk innblanding av rømt oppdrettslaks er påvist i mange laksebestandar og er saman med lakselus den største miljø-utfordringa for vill laksefisk knytt til oppdrettsnæringa. Rapporten frå Rådgivende Biologer gir ein oversikt over kunnskap ein i dag har på genetisk innblanding/rømming og lusepresset i fjordbassenget for villfisk, og ei vurdering av planen sin verknad. Etter høyringa har Rådgivende Biologer utarbeidd eit notat som supplerer rapporten. Vurdering av verknaden er med utgangspunkt i at anlegga har godkjent MTB på lokalitetane. Sjå også svaret til merknad nr. 9 og 12.</p>
14	<p>Frode Fjellsbø, 23.08.2017</p> <ul style="list-style-type: none"> Fjellsbø viser til at Storelva alltid har vore rekna som ei god fiskeelv, men at i dei seinare åra ha tal fisk gått ned og tal lakselus på attverande fisk har gått kraftig opp. Fjellsbø er ein klar samanheng med oppdrettsnæringa sin innmarsj i Fensfjorden, og meiner at planframlegget er svært uheldig med tanke på dei anadrome fiskeartane. Ei auke i tal oppdrettsfisk vil auke påslag av lus på villfisk. Ein anna grunn for å ikkje auke arealet er at det bør undersøkjast om straumforholda i fjorden tar elvevatn forbi anlegga. Fjellsbø reagerer på at ikkje elveeigarlag har vore teke med som ein lokal aktør/opplyser, og at det er gjennomført undersøkingar i Storelva utan at elveeigarlaget er informert. Fjellsbø viser til at det i løpet av året er planlagt for samla akvakulturplan for heile Nordhordland. Fjellsbø oppmodar til 	<p>Planframlegget regulerer arealsituasjonen til eksisterande akvakulturlokalitetar med tilhøyrande løyper. Reguleringsplanen endrar ikkje biomasse eller utsleppsmengde som er gitt i konsesjon. I planarbeidet legg ein til grunn at regelverk og kontrollmekanismane sikrar at drifta på lokalitetane er akseptable og innanfor løyva. Ein har likevel valt å belyse forhold til biomasse, utslepp, og lakselus i planomtalen. Rådgivende Biologer har utarbeida vedlegg til planen om biologisk mangfald som samlar kjent kunnskap om m.a. villfisk og vassdraga. Samla vurdering av dei endringane planen legg opp til i planframlegget er gitt konsekvens liten til ingen. Etter høyringa har Rådgivende Biologer utarbeidd eit notat som supplerer rapporten. Det er dokumentert at genetisk innblanding av rømt oppdrettslaks er påvist i mange laksebestandar og er saman med lakselus den største miljø-utfordringa for vill laksefisk knytt til oppdrettsnæringa. Rapporten og notatet frå Rådgivende Biologer gir ein oversikt over kunnskap ein i dag har på genetisk innblanding/rømming og lusepresset i fjordbassenget for villfisk, og ei vurdering av planen sin verknad. Vurdering av verknaden er med utgangspunkt i at anlegga har godkjent MTB på lokalitetane. Sjå</p>

	<p>å avvente reguleringsplanen til den samla planen er på plass.</p>	<p>også svaret til merknad nr. 9 og 12.</p> <p>Det er beklageleg at elveeigarlaget ikkje er teke med i prosessen. Eide Fjordbruk beklagar at ikkje grunneigarar eller elveeigarlaget er informert om undersøkingar i Storelva, og vil forbetre dialogen.</p> <p>Kystsoneplan/Akvakulturplan for Nordhordland er i starta med oppstartsseminar no i august. Varsling av oppstart av planen er ikkje kunngjort. Tidsperspektivet på arbeidet er ikkje kjent, samt innhald og omfang er ikkje klart definert. Eide Fjordbruk er einig med Fjellsbø, samt HFK og Fiskeridir. at kommuneplannivå er det sentrale verktøyet for arealregulering av akvakulturnæringa. Samstundes er tidsperspektivet for realisering av kommuneplan eller kystsoneplan/akvakulturplanen i Nordhordland fleire år fram i tid. På grunn av at planframleggelsen ikkje er i samsvar med overordna plan har ein valt å utarbeide fagrapport om biologisk mangfald som ser på planframleggelsen i ein større samanheng (fjordsystem, lakselus, sjukdom mm.). Detaljreguleringa sin innhenting av kunnskap om fjordbassenget vil kunne nyttast som grunnlag i planarbeidet for Nordhordland.</p>
15	<p>Jarle Fanebust, 24.08.2017</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det vert vist til at Fensfjorden har etter kvart vorte eit svært belasta fjordområde (Mongstad, Mongstad sør, tankbåtar, rigg, industri, klokakk, oppdrett etc.). Fanebust har dei siste 40 åra opplevd at fjordmiljøet, både over og under havflata, har vorte svært forringa. • Fanebust peiker på at ein no på svært kort tid vil innføre ny reguleringsplan, og at Eide vil sette ut fiske i nye merdar allereie til hausten. Samtidig vert det starta opp ei fullstendig kartlegging av belastninga av Fensfjorden. Fanebust meiner at ønsket til Eide Fjordbruk om utsett i haust ikkje er tilstrekkeleg tungtvegande argument for ein så raskt gjennomført reguleringsplan. Ein slik plan skal femna betydeleg vidare. Dette vil vera ei fornuftig behandling ut frå «føre-var-prinsippet». • Fanebust viser til fjordområda ved Osterøy og Masfjorden, det ein i etterkant har sett at belastninga har vorte for stor. Fensfjorden har andre naturgitte forhold enn desse, men dei 	<p>Kystsoneplan/Akvakulturplan for Nordhordland er i starta med oppstartsseminar no i august. Varsling av oppstart av planen er ikkje kunngjort. Tidsperspektivet på arbeidet er ikkje kjent, samt innhald og omfang er ikkje klart definert. Eide Fjordbruk er einig med Fanebust, samt HFK og Fiskeridir., at kommuneplannivå er det sentrale verktøyet for arealregulering av akvakulturnæringa. Samstundes er tidsperspektivet for realisering av kommuneplan eller kystsoneplan/akvakulturplanen i Nordhordland fleire år fram i tid. I tillegg regulerer planframleggelsen arealsituasjonen til eksisterande akvakulturlokalitetar med tilhøyrande løyve, og reguleringsplanen endrar ikkje biomasse eller utsleppsmengde som er gitt i konsesjon. På grunn av at planframleggelsen ikkje er i samsvar med overordna plan har ein valt å utarbeide fagrapport om biologisk mangfald som ser på planframleggelsen i ein større samanheng (fjordsystem, lakselus, sjukdom mm.). Detaljreguleringa sin innhenting av kunnskap om fjordbassenget vil kunne nyttast som grunnlag i planarbeidet for Nordhordland.</p>

	<p>mange ulike utsleppa og tiltaka har monaleg større omfang enn i dei fleste andre fjordar. Fanebust meiner at ein bør ha djupare og lengre perspektiv på saka, og vente med ein kjapp reguleringsplan til ein har fått ei samla utgreiing og kartlegging av den totale tilstanden i fjorden.</p>	
16	<p>Jarle Fjellsbø,</p> <ul style="list-style-type: none"> Viser til at han/me har stor interesse for sjøauren i Storelva. Sidan 70-talet har ein gjennomført tiltak for tilrettelegging av fiske i Storelva, men fisket har dessverre gått nedover dei siste åra, truleg pga. lakselus. Dobling av tal merdar/fisk vil medføre auke i tal lakselus som vil påverke vandrande sjøaure og Storelva. Fjellsbø reagerer på at ikkje elveeigarlag har vore kontakta, og at det er gjennomført undersøkingar i Storelva utan at elveeigarlaget er informert eller at resultata er informert om. Anlegget på Ospeneset vil forringe ein av dei få badeplassane «Lotrebogane» med tre nye ringar og foringsbåt nærmare enn i dag. Fjellsbø meiner at dersom anlegga skal få tilført landstraum må dei tenke langsiktig og da er det berre lukka anlegg som gjelder. Viser til problematikk kring utslepp, og artikkel som viser at avfall frå lukka anlegg kan nyttast som brensel og gjødsel. Ny teknologi – berre då får me bukt med lus og skitt. 	<p>Planframlegget regulerer arealsituasjonen til eksisterande akvakulturlokalitetar med tilhøyrande løyper. Reguleringsplanen endrar ikkje biomasse eller utsleppsmengde som er gitt i konsesjon. I planarbeidet legg ein til grunn at regelverk og kontrollmekanismane sikrar at drifta på lokalitetane er akseptable og innanfor løyva. Ein har likevel valt å belyse forhold til biomasse, utslepp, og lakselus i planomtalen. Rådgivende Biologer har utarbeida vedlegg til planen om biologisk mangfald som samlar kjent kunnskap om m.a. villfisk og vassdraga. Samla vurdering av dei endringane planen legg opp til i planframlegget er gitt konsekvens liten til ingen. Etter høyringa har Rådgivende Biologer utarbeidd eit notat som supplerer rapporten. Det er dokumentert at genetisk innblanding av rømt oppdrettslaks er påvist i mange laksebestandar og er saman med lakselus den største miljø-utfordringa for vill laksefisk knytt til oppdrettsnæringa. Rapporten og notatet frå Rådgivende Biologer gir ein oversikt over kunnskap ein i dag har på genetisk innblanding/rømming og lusepresset i fjordbassenget for villfisk, og ei vurdering av planen sin verknad. Vurdering av verknaden er med utgangspunkt i at anlegga har godkjent MTB på lokalitetane. Sjå også svaret til merknad nr. 9 og 12.</p> <p>Det er beklageleg at elveeigarlaget ikkje er teke med i prosessen. Eide Fjordbruk beklagar at ikkje grunneigarar eller elveeigarlaget er informert om undersøkingar i Storelva, og vil forbetre dialogen.</p> <p>Planframlegget viser positive og negative verknadar av å utvide anlegget og flytting av førfåten på Ospeneset, derav positivt for bygda Hodneland og negativt for friluftsområdet ved Lotrebogane. Utviding av anlegget og flytting av førfåten kjem nærmare friluftsområdet, men terreng og vegetasjon i området vil gjera at store deler av anlegget vil vera skjult frå friluftsområdet. Vekting av positive og negative tilhøve, samt at dette også er positivt for anlegget på Ospeneset gjer at Eide Fjordbruk ønskjer å oppretthalde rekkefølgjekravet om flytting av førfåten. Sjå figur merknad nr. 11.</p> <p>Uavhengig av teknologi vil landstraum vera positivt med omsyn til lyd frå anlegga og</p>

		reduserte utslepp til miljøet. Teknologien og drift med lukka anlegg er framleis under utprøving, og er pt. ikkje eit fullverdig alternativ til opne merdar. Det er ikkje gjennomført undersøkingar på om AK-områda på Ospeneset og Langøy vil vera aktuelle for denne typen drift (naturkreftar). Det vil difor vera utfordrande å legge slike føringar på lokalitetane innanfor planområdet.
17	Katrine Aven Sætre og Frode Sætre, 24.08.2017	<p>Dei stiller seg skeptisk til utviding til dobbelt areal med tanke på lyd og lysstøy. Det minste ein kan gjera er å flytte forflåten ute av synet for fastbuande og for badevika i Skjelvika (nordvest av anlegget). Dette må det vera krav om frå dag ein, og ikkje vera noko som kan gjerast på sikt.</p> <ul style="list-style-type: none"> Dei meiner at 0-alternativet er noko snevert. Det er klart at om ein utvidar litt etter litt, så vil kvar utviding medføre lite endring i frå førre utviding. Dei er ikkje einig i at planen ikkje har ein negativ effekt for bruken av Langøy til sau og geit. Lys og lysstøy påverkar dei som ser til dyra og ferdast der, samt at det heller ikkje er vist at det ikkje har ein negativ effekt på dyra sin velferd. Dei reagerer på at det ved ei dobling av areal/ringar ifht. biomasse fisk, kan det verke som det er ledig kapasitet på biomasse. Dei ser ikkje vekk ifrå at det då vert søkt om utviding i biomasse i neste omgang. Dei meiner at ein må stille krav til næringa, Eide Fjordbruk i denne saka, om lukka anlegg. <p>Det er gjennomført støyfagleg vurdering som er vedlagt planen. I følgje rapporten ligg eksisterande busetnad utanfor gul støysone. Eide Fjordbruk AS planlegger landstraum til både Langøy og Ospeneset som vil medføre at det ikkje er behov for dagleg bruk av aggregat på anlegga. Dette vil i tillegg til å redusere lydkjelder frå anlegget også vera positivt for driftstryggleiken på anlegga. Planomtalen har skildra tilhøve knytt til lyssetting av anlegget og trekt fram avbøtande tiltak som er knytt til drifta på anlegga, samt varslingsprosedyrar ved større operasjonar. Planomtalen har vidare skildra positive og negative forhold, der ein er tydeleg på at ut frå omsyn til nærliggjande busetnad og andre interesser og bruk, er det ei føremon å flytte flåten nord for fortøyingsramma. Sjå også bilde s. 43-44 i planomtalen som viser nærliggjande område. Ut frå eksponering og tryggleik er det ei mindre ulempe, då flåten vil ligge noko meir eksponert for dønningar enn dagens situasjon. Det er mindre forskjellar på bølgjehøgde mellom lokalitetane Langøy og Ospeneset. Det er likevel erfart at det er nokre fleire dagar at værforholda er så harde at ein ikkje kjem ut til Langøy lokaliteten i høve til Ospeneset. Dette kan bli forverra dersom flåten vert flytta nord for fortøyingsramma. Med dagens lokalisering av flåten er det estimert at ein ikkje kan legget til med båt ca. 7 dagar i året. Det er forventa at det vil vera problematisk å komme ut på flåten dersom den vert flytta nord for anlegget, når det er vind som overstig 15m/s frå i retning nord - nordvest. I tillegg er det knytt ein direkte kostnad til flytting av flåten på om lag 1 million kronar, samt ein risiko med å trekke nye fortøyingsliner mellom eksisterande fortøyingar. Ein har vurdert kost-nytte av flytting av fôrflåten ut frå naturforhold, kostnad og funksjonsblanding, bruk og omfang av interesser i nærområdet. Eide Fjordbruk ønskjer å oppretthalde løysinga i planforslaget der det ikkje er sett rekkefølgjekrav knytt til flytting av fôrflåten på Langøy.</p> <p>Bruken og innhaldet i begrepet 0-alternativet er anerkjent metodikk knytt til konsekvensutgreiingar etter konsekvensforskrifta. I denne saka er 0-alternativet definert i planprogrammet som Lindås kommune har godkjent.</p> <p>Vurderinga av verknad for husdyrhald på Langøy tek utgangspunkt i at det er aktivitet</p>

på AK-lokaliteten allereie i dag, og endringa i planen vil ikkje forverre situasjonen vesentleg. Landstraum vil vera positivt med omsyn til støybildet. Terren og markdeming vil medverke til redusere lyd frå anlegget på Langøy, og dýra har moglegheit til å bevege seg fritt rundt om på øya. Ut frå berekna støy, Sweco, ved normaldrift ligg store deler av øya utanfor gul-støysone (ref. rapport: *støykjeldene er modellert som punktkjelder. For berekning av normaldrift er kjelda plassert i senter av regulert plassering av fôrflåten*).



Etter dagens regelverk kan det ikkje vera meir enn 200.000 fisk per merd, og fleire merdar på lokalitetane gjev høve til ein lågare fisketettleik og betre fordeling av fisken i anlegga. Eide Fjordbruk ønskjer pga. betre fiskevelferd og -kvalitet, primært ca. 500 tonn fisk i kvar merd, nok som gir lågare fisketettleik enn 200.000 fisk per merd som gir ca. 1000 tonn fisk. I tillegg gjer driftsrelaterte tilhøve på anlegga at det er behov for ei ledig merd i tillegg til dei merdane det er fisk i for nødvendige behandlingar av t.d. lus, utslakting med meir. Teoretisk er det mogleg å auke MTB innanfor dei 10 ringane ein søker om på Langøy ved å auke fisketettleiken. Eide Fjordbruk har per i dag ingen planar om å endre sin strategi om låg tettleik av fisk og dermed auke MTB på lokaliteten. Ut frå at det er regulert for nye merdar berre innanfor arealet ein bruk akvakultur avgrensar reguleringsplanen arealmessig for auke i tal merdar og mogleg MTB. Reguleringsplanen tek utgangspunkt i det talet ringar/areal Eide Fjordbruk har behov for med den drifta dei har i dag og godkjente løyve (MTB). Kva som kan vera

		<p>aktuelt lengre fram i tid er usikkert og ein har difor skildra i planomtalen, side 19, at <i>med utgangspunkt i dagens krav og retningsline i regelverka, og plassering av eksisterande lokalitetar i nærområdet, er det grunn til å tru at det er moglegheit for auke i biomasse (MTB) utover dagens løyver på Langøy lokaliteten. Eide Fjordbruk har per i dag ingen planar om å auke MTB på lokaliteten. Skulle det på sikt syna seg aktuelt å søkja om auka MTB, vil det skje gjennom ei grundig konsesjonshandsaming etter akvakulturlova og evt. gjennom ein kommuneplanprosess eller endring av reguleringsplanen.</i></p> <p>Teknologien og drift med lukka anlegg er framleis under utprøving, og er pt. ikkje eit fullverdig alternativ til opne merdar. Det er ikkje gjennomført undersøkingar på om AK-områda på Ospeneset og Langøy vil vera aktuelle for denne typen drift (naturkrettar). Det vil difor vera utfordrande å legge slike føringar på lokalitetane innanfor planområdet.</p>
18	Helga Skauge, Harald Hodneland Hansen og Harald Hodneland, 24.08.2017 <ul style="list-style-type: none"> • Dei meiner at dispensasjonen må sjåast i ein større samanheng og har teke merknaden inn i ein meir generell uttale om oppdrettsnæringa. • Viser til redusert fiske, därleg kvalitet på fisken og at Austfjorden er visuelt forsøpla av fiskeanlegga. • Fiskeanlegga sin arealbruk i fjorden: Det er ein folkerett til å nytta fjorden til fiske og ferdsel (friluftsliv). Anlegga beslaglegg på sjøflata og med fortøyinger, samt fiskeforbod kring anlegga. Hindrar fiske og ferdsel. Stiller spørsmål til om det er teke omsyn til eit slikt total-areal som anlegga beslaglegg? <p>Stiller spørsmål til om det finst kart som viser avsette areal til akvakultur, total arealet som vert beslaglagt, kven er eigar av anlegga etc.?</p> <p>Ved utarbeidning av planar må det takast omsyn til folket sine rettar og ikkje minst leggast vekt på kystfiskarane sine interesser og deira trøng for utviding av den næringa.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skade på villaks og sjøaure: For därleg oversikt av dei miljømessige konsekvensane. Viser til Natåselva (Storelva) 	<p>Eksisterande avsette AK-areala i kommuneplanen er ofte små og dette skapar utfordringar med omsyn til søknadsprosessar og ønske om at slik arealbruk skal avklarast gjennom plan. Rullering av kommuneplanane sin arealdel har i mange kommunar ikkje klart å følgje utviklingstakten og behovet innan akvakulturnæringer. Dette har ført til arealknappheit i høve til avsette område for akvakultur i kommuneplanane, og konsekvensen har vorte at det er mange dispensasjonssøknadar knytt til areal. Eit alternativ til dispensasjonssøknadane er å avklare arealet gjennom reguleringsplan, slik ein no gjer i denne saka. Plansaka medfører ein breiare og grundigare prosess enn dispensasjonssakar og i mange tilfelle også kommuneplanprosessar. Plan- og bygningslova gir moglegheit for å regulere til ein bruk og eksklusiv bruk av areal, i denne saka til akvakultur. Konsekvensane av dette er skildra i planomtalen med konsekvensutgreiing. Det er i tillegg utarbeida vedlegg til planen om biologisk mangfold som samlar kjent kunnskap om m.a. villfisk og vassdraga. Samla vurdering av dei endringane planen legg opp til i planframlegget er gitt konsekvens liten til ingen. Etter høyringa har Rådgivende Biologer utarbeidd eit notat som supplerer rapporten.</p> <p>Sidan høyringa er det publisert ny rapport: <i>Ringvirkningsanalyse for teknologi og serviceleverandører til sjømatnæringen</i> (Fiskeri- og havbruksnæringens forskningsfond, FHF, august 2017). Denne sei m.a. at teknologi- og serviceleverandørene til den norske</p>

	<ul style="list-style-type: none"> med utfordringar knytt til bestand og lakselus. Sjukdom i oppdrettsanlegga, forureining: Viser til avisartiklar og meldingar om utslepp, kjemikalium (kobber), lukka anlegg, sjukdom og Osterøy kommune. Viser også til fiske av rømt oppdrettslaks etter stormen Nina der fisken hadde misfarga lever. Dispensasjonspraksis: Viser til avisartiklar om dispensasjonspraksisen i Hordaland, og at oppdrettsnæringa skal veksa på ein berekraftig måte. Dette vilkåret er elles presistert i havressurslova §1. Kven skal eiga havressursane: Vi er i dag vite til at ressursane i havet/fjordane vert samla/overført på færre hender av storkapital og milliardærar. Det vert stilt spørsmål til kor mange fulltids arbeidsplassar næringa faktisk gir. Og kvifor kommunane handhever PBL ulikt, med referanse til Osterøy og i referanse til søknad om flytebrygge. 	<p>sjømatnæringa hadde i 2015 ei verdiskaping i form av bidrag til BNP på 24,5 milliardar kroner og sysselsette ca. 21 400 årsverk i Norge. Planomtalen er oppdatert med resultata frå rapporten, sjå kap. 4.7.3.</p> <p>Fleire av momenta i uttalen er generelle forhold om oppdrettsnæringa, noko som ikkje denne planen kan svara på.</p>
19	Jan-Erik Hope, leiar Storelva Elveeigarlag, 24.08.2017 <ul style="list-style-type: none"> Elveeigarlaget er skeptisk til enda større arealbeslag av sjøen og meir hinder for ferdsel for allmenta. Dette sjølv om dette er innanfor allereie godkjent konsesjon, sidan utvidinga medfører auka avfall, før og auka risiko for lakselus. Storelva er kjent som ei av dei beste sjøaureelvane i Hordaland, og hatt stor bestand i dei siste åra. Med unntak av dei tre siste åra, det ein har mista store deler av bestanden i etterkant av Nina stormen, og den omfattande rømmingen som var frå anlegga i fjorden. I denne perioden er det vore fanga og observert laks i elva, som ikkje har vore tilstade her tidlegare. Denne fisken øydelegg gytegropene til sjøauren, noko som kan vera årsak til den dramatiske nedgangen. Lakselus har også vorte eit stort problem på fisken, som igjen i stor grad skyldast oppdrettsnæringa. Elveeigarlaget er nøgd med at dei nye merdene som er meir sikre mot rømming vert installert. 	<p>Planframlegget regulerer arealsituasjonen til eksisterande akvakulturlokalisator med tilhøyrande løyper. Reguleringsplanen endrar ikkje biomasse eller utsleppsmengde som er gitt i konsesjon. I planarbeidet legg ein til grunn at regelverk og kontrollmekanismane sikrar at drifta på lokalitetane er akseptable og innanfor løyva. Ein har likevel valt å belyse forhold til biomasse, utslepp, og lakselus i planomtalen. Rådgivende Biologer har utarbeida vedlegg til planen om biologisk mangfald som samlar kjent kunnskap om m.a. villfisk og vassdraga. Samla vurdering av dei endringane planen legg opp til i planframlegget er gitt konsekvens liten til ingen. Etter høyringa har Rådgivende Biologer utarbeidd eit notat som supplerer rapporten.</p> <p>Det er dokumentert at genetisk innblanding av rømt oppdrettslaks er påvist i mange laksebestandar og er saman med lakselus den største miljø-utfordringa for vill laksefisk knytt til oppdrettsnæringa. Rapporten og notatet frå Rådgivende Biologer gir ein oversikt over kunnskap ein i dag har på genetisk innblanding/rømming og lusepresset i fjordbassenget for villfisk, og ei vurdering av planen sin verknad. Vurdering av verknaden er med utgangspunkt i at anlegga har godkjent MTB på lokalitetane. Sjå også svaret til merknad nr. 9 og 12.</p> <p>Det er beklageleg at elveeigarlaget ikkje er teke med i prosessen, og Eide Fjordbruk</p>

<ul style="list-style-type: none"> Det er stor forbettingspotensiale i kontakt mellom Eige Fjordbruk og grunneigarar og elveeigarlaget som forvaltar elva. Dersom tilført næring skadar naturleg fiskebestand må det gjerast nødvendige tiltak for å reparere dei skadane som er oppstått. Elveeigarlaget ønskjer meir dialog om korleis ein kan saman få begge sine interesser teke i vare, og som sikrar at dersom ulemper vert påført oss som grunneigarar og elveeigarlag vert kompensert, t.d. kjøp av ny yngel og utsett. Det må leggast inn i føresegnene førignar for drift og konsesjon av anlegga slik at Lindås kommune sikrar at kommunen ivaretok det opphavlege naturmangfaldet, sikrar at drift frå ei næring ikkje øydelegg for grunneigarar og elveeigarlag som bruker tid, pengar og ressursar for å oppretthalde ei frist og levedyktig sjøaurebestand i Storelva. Det må leggast krav om involvering og evt. må kompensere for til tiltak som skissert i brevet. 	<p>beklagar at ikkje grunneigarar eller elveeigarlaget er informert om undersøkingar i Storelva. Arbeidet var tidlegare støtta frå regionalt hald (fram til 2013), men når prosjektet vart avslutta av det offentlege valte Eide Fjordbruk og andre oppdrettarar å koste undersøkingane/forskinga vidare. I dag er det berre Eide Fjordbruk som har valt å fortsette å gjennomføre undersøkingane i dei fire vassdraga i nærområdet. Eide Fjordbruk ønskjer å informere og distribuere rapportane direkte til grunneigarar og elveeigarlag i framtidia.</p> <p>Det er Rådgivende Biologer som gjennomfører dei årlege undersøkingane, og målet med prosjektet er å overvake den premature tilbakevandringa av sjøaure til elveosar. Og vidare nytte informasjonen som eit mål på korleis infestasjonar på sjøaure har variert over tid, og også som ein indikator på i kva grad den utvandrande laksesmolten er påverka. I tillegg gir det grunnlag for å evaluere om tiltak (t.d. tiltaksgrense og samordna behandlingar) har effekt på villfisk. Slike registreringar har vore gjennomført i Hordaland sidan 1995, og er blant dei lengste tidsseriane for overvaking av miljøverknadar av lakselus i Noreg. Undersøkingane utgjer difor ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget i fjordsystemet. Rådgivende Biologer jobbar ut frå gitte metodar/standard og utarbeidar årlege rapportar basert på resultata.</p> <p>Eide Fjordbruk er ein av fleire aktørar i fjordbassenget og ønskjer å ta sin del av ansvaret gjennom å bidra med tiltak o.l. i Storelva etter nærmare avtale med grunneigarane/elveeigarlaget. Eide Fjordbruk vil ta initiativ til dialog med grunneigarane/elveeigarlaget. Eide Fjordbruk stiller seg også positiv til samarbeid med Lindås kommune, lokal fagmynde miljø, og Hordaland fylkeskommune, konsesjonsmynde, i denne samanhengen. Forholda i merknaden om kompensasjon etc. er private forhold som ein ikkje ønskjer å regulere gjennom PBL og fleire av forholda er knytt til drift og konsesjon etter akvakulturlovverket. Fleire av dei offentlege instansane har presisert at ein i planen må skilje mellom plan og drift. Drifta og vilkåra i konsesjonen vert handsama og teke i vare gjennom konsesjonssøknad og kontrollverksemeld av offentleg mynde (fylkeskommune, fylkesmann, mattilsynet etc.).</p>
--	--